



Njål Bolstad Eidsnes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/69 - 21/1537

Saksbehandlar:

Kjell Langeland

kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:

21.07.2021

Dispensasjon frå arealdelen - gbnr 82/1 -2 Steinavatnet Modalen

Administrativt vedtak. Saknr: 014/2021

Tiltakshavar: Modalen kommune

Ansvarleg søkjar: Njål Bolstad Eidsnes

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå Kommuneplan LNF området.

Ved utsending av saka til uttale var det tre område som peika seg ut som aktuelle.

Etter synfaring har ein kome fram til at den beste plasseringa er slik som synt på situasjonsplan datert 10.06.2021.

Grunneigarane har underskreve avtale.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF område.

Tiltaket er også innfor grensa for forbod mot tiltak nermare vassdrag enn 20m

Tiltaket vert 12 m, frå Steinavatnet.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren den 23.03.2021 :

Uttale - Modalen - 82/1 m fl - Steinavatnet - oppføring av dagsturhytte for ålmenta - dispensasjon
Vi viser til brev frå kommunen datert 26.03.2021. Saka gjeld dispensasjon for oppføring av dagsturhytte for ålmenta i Modalen kommune. Det skal oppførast ei hytte, men det er 3 alternative plasseringar til denne hytta. Endeleg plassering av dagsturhytta vil verte bestemt etter synfaring. Statsforvaltaren sine merknader Statsforvaltaren meiner at dagsturhytter, tilgjengeleg for alle, er positivt for friluftsliv og folkehelse. Dagsturhytta skal plasserast ved Steinavatnet. Det er vist tre større område på eit situasjonskart. Vi kan ikkje sjå at forslaga til plassering av dagsturhytte er meir konkret plassert enn det. Vi kan difor ikkje ta konkret stilling til plassering av hytta no. Statsforvaltaren er opptatt av at plasseringa av hytta krev lite terrenginngrep og at den kan fjernast utan å etterlate seg store sår i

naturen. Det er avgjerande at hytta ikkje fører til privatisering av området. Det er difor viktig med gode vilkår til ein eventuell dispensasjon. Vi rår til at det vert sett vilkår om at hytta skal fjernast om den ikkje lenger skal nyttast som dagsturhytte for ålmenta.

Det må også settast vilkår om at ho ikkje kan nyttast som salsbod av noko slag. Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Det er også henta uttale frå Fylkesmannen i Vestland datert 14.04.2021:

Uttale til dispensasjon frå arealdelen i kommuneplan - dagsturhytte - gnr 82 bnr 1 og 2 gnr 85 bnr 3 - Modalen kommune

Vi viser til oversending av søknad for uttale datert 26.03.2020. Saka gjeld Det er søkt om dispensasjon frå LNF område til å etablera dagsturhytte ved Steinavatnet i Modalen kommune. Uttale frå infrastruktur og veg Tilkomst til eigedomen er via kommunal veg med avkjøring frå fylkesveg 5412. Her må det søkjast Vestland Fylkeskommune om utvida bruk av avkjørsel. Vi er positive til utvida bruk. Dagsturhytta og parkeringsplass er elles ikkje innanfor fylkesvegen sitt område/interesser. Avdeling for infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommune har difor ingen merknader til dispensasjonssøknaden. Vi gjer merksam på at andre avdelingar i Vestland fylkeskommune kan komme med uttalar innan sine fagfelt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå naboar

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 10.06.2021

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tilkomst til eigedomen er via kommunal veg med avkjøring frå fylkesveg 5412.

I sin utale gjer Fylkeskommunen merksam på at det må søkjast om utvida avkjørsle.

Det er også naudsynt å utvida eksisterand parkeringsplass.

Terrenghandsaming:

Plassering av hytta skal utførast med så lite terrenginngrep som mogeleg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve.

Plassering ligg utafor aktsomhetsgrensa for flaum eller skred

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett

tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammes, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Søkjjar skriv i si grunngjeving for å gje dispensasjon.:

Det er ingen konflikt med det biologiske mangfaldet, kulturminne, landskap eller strandsoneinteresser i dette området. Dagsturhytta er for ålmenta i Modalen kommune, der ein kan ta i mot besøkjande heile året. Steinavatnet ligg på Nygard og er tilknytt fleire flotte turmål. Området er eit mykje brukt turområde i Modalen både om sommaren og om vinteren. På vinteren frys som regel vatna her oppe, og det er populært å ta turen inn til Nystølen, som ligg i enden av Steinavatnet. Turen inn til Nystølen går på godt tråkka sti. Barnehagen, skulen, unge og eldre vil kunne nytta seg av denne turen året rundt. Eit flott lågterskeltilbod for å få fleire og nye målgrupper ut på tur og oftare på tur.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at hytta ikkje vil vera til hinder for ålmenta sin bruk av området. Fleir vil kunne nytta seg av dette området.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF og tiltak nærmare vassdrag 20m er oppfylt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF og forbod mot tiltak nærmare enn 20 m frå vassdrag. for oppføring av dagsturhytte.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak Velg et element. for oppføring av [sett inn] på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert [dato] med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.
3. Det må søkjast Vestland Fylkeskommune om utvid bruk av avkjøyrslle til fylkesveg 5412.
4. Eksisterande parkeringsplass må utvidast.
5. Dagsturhytta kan ikkje nyttast som salgsbod av noko slag.
6. Dersom hyttta ikkje lenger vert brukt av ålmenta skal hytta fjernast og området ryddast og tilpassast eksisterande terreng.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/69

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Kjell Langeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dagsturhytta situasjonsplan

Mottakarar:

Njål Bolstad Eidsnes
Statsforvalteren i Vestland
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2 6863
Postboks 7900 5020

LEIKANGER
BERGEN